

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

**Reiten-utvalet; rapport frå ekspertgruppe om organisering av strømnettet – høyningsfråsegn**

Fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane vil – etter drøfting i møte 24.06.2014 – gi følgjande høyningsfråsegn:

*Fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane sluttar seg til Fylkestinget i Sogn og Fjordane si sålydande uttale, og oppmodar kommunane i fylket om å gi uttale om saken til Olje- og energidepartementet innan innan høyningsfristen 1. oktober:*

1. Fylkestinget ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er også positivt at innmatingsintektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Kraftforelende industri som td Elkem Bremanger må få behalde si tilknytning på høgaste nettnivå, eventuelt at det vert ein nasjonal tariff for kraftforelende industri. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av industri og næring, og sterkt svekking av utbygging av fornybar energi. Fylkestinget ber om ei utgreiling av ei nettleigeordning som tek hensyn til utfordringane i område med stort potensiale for produksjon av ny fornybar energi. Fylkestinget ber om tiltak som sikrar konkuransedyktige rammevilkår.
2. Noverande nettariffar stimulerer til å legge tung forbruk av elektrisk energi til underskotsområde (vekk frå våre overskotsområde). Dette fører til dyrare nett og større tap i nettet. Ei ny ordning må gje prisignal som fremmar rasjonell bruk av ressursane.
3. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.
4. Fylkestinget ser elles fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om DSO-organisering.

Med venleg helsing

**Jan Ryste**  
**Dagleg leiar, KS Sogn og Fjordane**  
General Manager, KS Sogn og Fjordane

Epost Email: [jan.ryste@ks.no](mailto:jan.ryste@ks.no)  
Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00  
Mobil Cellular: (+47) 97 09 29 70  
<http://www.ks.no>



ORGANISASJONEN FOR KOMMUNESEKTOREN  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

KONTORADRESSE: Langebruvegen 19  
FØRDE 6801 POSTADRESSE: Postboks 321  
FØRDE 6800 TELEFON: 24 13 26 00  
TELEFAX: 57 72 05 76  
Anne-Karin Løken  
Astrid Paulsen  
Jan Ryste

E-POSTADRESSE:  
[kssof@ks.no](mailto:kssof@ks.no)  
[anne-karin.loken@ks.no](mailto:anne-karin.loken@ks.no)  
[astrid.paulsen@ks.no](mailto:astrid.paulsen@ks.no)  
[jan.ryste@ks.no](mailto:jan.ryste@ks.no)

Web-adresse: [www.ks.no/Regioner/Vest-Norge/](http://www.ks.no/Regioner/Vest-Norge/)